



Skjema for registrering av lånekort

Ver god og skriv med BLOKKBOKSTAVAR

Førenamn _____

Etternamn _____

Fødselsnummer (11 siffer) _____

Personnummer er naudsynt for å få Bibliotekkortet, som er eit nasjonalt lånekort.

Ynskjer du ikkje oppgje personnummer, skriv du fødselsdato og år. Då får du lokalt lånekort.

Kjønn Jente/kvinne Gut/mann Anna

Målform/språk Nynorsk Bokmål Engelsk

Vil du lagre
lånehistorikk? Ja Nei

Postadresse _____

Postnummer _____ Poststad _____

Mobilnummer _____ E-post _____

Kontaktmåte E-post SMS

Blir nytta til påminningar, hentemeldingar og purringar.

Underskrift _____

NB! Skal barn og unge under 15 år få lånekort må føresett fylle ut skjemaet under:

Førenamn _____

Etternamn _____

Fødselsdato (dd.mm.åååå) _____

Kjønn Jente/kvinne Gut/mann Anna

Målform/språk Nynorsk Bokmål Engelsk

Postadresse _____

Postnummer _____ Poststad _____

Mobilnummer _____ E-post _____

Kontaktmåte E-post SMS

Føresettes underskrift _____

Lånereglar

Det er gratis å låne bøker og anna materiale på biblioteket.

- Alle som har fast bustad i Noreg kan få lånekort.
- Er du over 15 år må du vise gyldig legitimasjon.
- Barn må ha byrja i 1. klasse for å få eige lånekort, og barn og unge under 15 år må ha underskrift frå føresett. Ungdom mellom 15 og 18 år må oppgje namn på føresett.
- Lånarar kan få felles (nasjonalt) lånekort som òg kan nyttast i andre andre bibliotek. Ein må då oppgje fullt fødselsnummer.
- Tap av lånekort må du straks melde til biblioteket.
- Ved tapt/mista lånekort kan du få nytt kort mot eit gebyr på kr 25.
- Ta alltid med lånekortet når du skal låne og la ikkje andre bruke ditt kort.

Ansvar

- Som lånar er du ansvarleg for alt materiale som blir lånt på ditt kort.
- Som føresett er du ansvarleg for låne til ditt/dine barn.
- Tapt eller skada materiale må du erstatte.
- For filmar og spel fylgjer biblioteket tilrådd aldersgrense for materialet.
- Lånt materiale er til privat bruk, og bruk/avspeling skjer på eige ansvar.
- Meld frå til biblioteket viss du endrar adresse, telefonnummer eller e-postadresse.

Personvern

Sunndal folkebibliotek handsamar personopplysingar i samsvar med personopplysingslova og GDPR, EUs personvernforordning.

Lånetid og fornying

Lånetid for bøker og lydbøker er **4 veker** – du kan fornye **3 gongar**.

Lånetid for filmar, spel og tidsskrift er **2 veker** – du kan fornye **3 gongar**.

Lånetid for Playstation 4 er **1 veke** – du kan ikkje fornye lånet.

For fjernlån frå andre bibliotek gjeld eigarbiblioteket sine fristar.

Purring og erstatning

- Biblioteket sender deg påminning om innlevering fire dagar før forfallsdato. For lån til barn under 15 år blir påminning sendt til føresette.
- Biblioteket sender deg purremelding når forfallsdatoen på lånt materiale er overskride. Vi sender tre purringar og deretter erstatningskrav. For lån til barn under 15 år blir purremelding og erstatningskrav sendt til føresette.
- Tapt eller øydelagt materiale må du erstatte etter innkjøpspris. Erstatningskrav knytt til fjernlån er etter satsane til eigarbiblioteket.
- Leverer du materiale biblioteket har sendt erstatningskrav på, kan du velje mellom å få materialet dersom du allereie har betalt, eller gje materialet attende til biblioteket. Erstatningskrav blir ikkje ettergjeve.
- Erstatningskrav blir sendt til inkasso viss du ikkje leverer materialet eller betaler kravet innan frista.

Tap av lånerett

Du mistar retten til å låne viss det er sendt erstatningskrav til deg. Då får du ikkje låne att før materialet er innlevert eller erstatningskrav er betalt.